

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 2 - april 2014 46. årg.



Konf-Reunion

side 11



Gjerde rundt verdjar

side 6



Konfirmantane

side 8



Strikkekafé

side 4

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no
telefaks tlf. 51 77 03 60
Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 970 99 661
Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039
Diakon: Ingelin H Norbakken tlf. 48 19 03 18
Sekretær Bryne sokneråd: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Sekretær Time sokneråd: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Sekretær Undheim sokneråd: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157
Sekretær: Kari W. Ødegaard tlf. 51 77 03 77
Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76
Kyrkjeveerje: Olav Vegard Søyland tlf. 51 77 03 69
Konsulent: Tor Aase tlf. 51 77 03 63

Time
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178
Trusopplærar: Astrid Wold tlf. 458 61 233
Kyrkjetenar: Kyrkjetenar helg: Tom Carlos Slettebø tlf. 977 46 283
Soknerådsleiar: Karin Lima Friestad tlf. 900 21 635
Klokkar: Sofie Braut tlf. 986 55 128
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne
Heimeside <http://www.brynekyrkja.no>
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176
Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg tlf. 938 31 623
Kyrkjelyduttviklar: Bjørn Inge Hauge tlf. 51 77 03 62
Ungdomspastor: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602
Trusopplærar: Tove Hersdal tlf. 51 77 03 72
Kyrkjetenar: Kyrkjetenar helg: Gerd Åshild Ueland tlf. 414 66 321

Lye forsamlingshus
Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim tlf. 900 34 326
Administrator Lye: Sigurd Idland tlf. 466 98 050
Ungd.arbeid. Lye: Mariann Espeland tlf. 915 91 223

Undheim
Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>
Sokneprest: Per Børge Hillestad tlf. 934 42 919
Trusopplærar: Astrid Wold tlf. 458 61 233
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Kåre Sigurd Undheim tlf. 51 48 43 07
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:
www.time-kyrkja.no
E-post sokneråda:
Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no

Foto framside: Påskemotiv, Lye forsamlingshus. Foto: Ragnhild U Aalgaard

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard.
Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.
Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net innan 21. mai.
Neste nr. kjem ut ca. 12. juni 2014.



Kjell Børge Tjemsland

Til ettertanke

Du høyrer til.....

Å vera saman er noko av det mest grunnleggjande som finst. Me treng kvarandre og er viktige i og for fleire fellesskap. Ingen bør melda seg ut der ein naturleg høyrer til, anten det er familie, venekrets, samfunn eller kyrkjelyd. Alle treng me fellesskap, og me er også automatisk del av fleire, bare ved å vera til. Sjølv om nokon gjennom historia har hatt ønskje om å vere eremittar, er dette langt frå naturleg. Sjå bare på skapingshistoria. Der seier Gud: "Det er ikkje godt for mennesket å vere åleine. Eg vil laga ein hjelpar av same slag". (1 Mos 2,18).

Fellesskapet mellom mann og kvinne, og ekteskapet mellom dei, er på mange måtar det grunnleggjande. Også for kyrkjelyden og fellesskapet med Kristus. Som kyrkjelyd og kyrkje er me brudgommen, Jesus, si brur (Åp 19,7-8). Saman som døypte og truande utgjør me eit fellesskap som er knytt til Jesus. Som brudgom og brur blir eitt i ekteskapet, er me eitt med kvarandre og med Jesus. Eit stort mysterium, som me bare kan nytta og gleder oss over.

Det er både godt og utfordrande å høyre til i dei mange fellesskapa. Men eitt er større og viktigare enn alle andre. Det er Gudsrike-fellesskapet, og det å vera eitt med Jesus. Fastetida fortel oss djupt, inderleg og tydeleg kva dette inneber og kva det kosta Gud og Jesus at me skulle kunne ha dette fellesskapet med han. Bibeltekstane gjennom fastetida talar tydeleg om kva Jesus måtte gå gjennom av liding og prøvingar. Alt, paradoksalt nok, er ei tydeleggjering av kor høgt Gud elskar oss. Me skulle derfor bruka fastetida til å gå regelmessig til gudsteneste, lytta til bibeltekstane, lesa dei sjølve, gjera bønene til våre eigne og glede oss over Han som ga alt for å ha fellesskap med oss.

Det store har skjedd: Gud er blitt ein forsona Gud. Jesus døydd på krossen, slik han hadde sagt til folk i samtida, til dei han hadde fellesskap med. Dei trudde ikkje og forstod ikkje det han tala om. Me kan sjå og tru han, gleder oss saman med det store fellesskapet over heile jorda. Jesus stod opp, og han lever nå. Dermed skal også me leva i fellesskap med Han og med kvarandre. Gjennom dåpen og ved trua er me del av dette fellesskapet. I nattverden, bekreftar me både fellesskapet med Jesus og med kvarandre. Saman er me arvingar til alle Guds gode. Det er fastetid og påsketid, og midt i det store alvoret er det også tid for jubel og glede og for fellesskap. Fellesskapet du tilhøyrer, kyrkjelyden, treng deg og du han. Vel møtt til gudsteneste og til feiring saman med alle dei andre du høyrer saman med.

Velsigna faste- og påsketid!

Kjell Børge Tjemsland
prost, Jæren prosti

Min Sang

Tak meg, min Jesus, åleine med deg

*Tak meg, min Jesus, åleine med deg
Bort ifrå verda sin larm!
Tal ved Den heilage Ande til meg,
Legg meg så stilt ved din barm!
Løys du dei band som til verda meg bind,
Og gjev meg meir av ditt heilage sinn!
Hald du meg alltid i kjærleiken varm,
Ber meg så trygt på din arm!*

*Jesus, du veit eg er liten og veik,
Vara meg ikkje eg kan.
Mange er dei som i livet deg sveik,
Trør no på blodet som rann.
Difor, min Jesus, du vara meg må,
Så innved korset eg alltid må stå,
Lat meg få sjå på ditt storfelde verk,
Då vert i striden eg sterk!*

*Hjelp meg å leva i tru på ditt ord,
Hald du meg vakande her!
Jesus, du veit her er mykje på jord
Som til meg smiler og ler.
Å, lat det aldri få makt over meg,
Så det kan draga meg bort ifrå deg!
Syn meg din himmel og vis meg min
krans,
Verda då taper sin glans!*

*Lei meg så stundom i tankane heim,
Så eg får sjå eg er rik!
Lat meg få sjå inn i gleder til deim
Som alt har vorte deg lik!
Lyft meg på engleveng høgt imot sky!
Løyn meg i storm ved di bringa i ly!
Så vil eg lengtande gå på min veg,
Venta på heimlov frå deg.*

Tekst: Adolf Bjerkreim, 1908



Petter Olsen

“...Teksten gjev trøyst i tunge stunder og rettleiing om kvar ein skal gå. Og den har himmellengten over seg,...”

Skal eg velja ut ein einaste sang frå bedehussangboka, må det bli nummer 547: «Tak meg, min Jesus, åleine med deg». Teksten er skriven av predikant og forfattar Adolf Bjerkreim i 1908, og melodien er ein irsk folketone. Forfattaren vart fødd i Tengesdal i Bjerkreim i 1887 og var dermed berre 21 år då han skreiv denne teksten. Etter det eg har høyrte, skal det ha skjedd i nærleiken av heimstaden til kona mi, Sira i Flekkefjord. Denne sangen var òg kjær for mi farmor.

Som bladfyk gjennom 20 år har yrkeslivet mitt vore prega av tidsfristar og kjensla av å ha for lite tid. Det er ein av grunnane til at eg er glad i denne teksten med den stillfarne melodien. Bjerkreim skriv om å bli teken «bort ifrå verda sin larm» og – bileteleg tala – bli lagt ved Jesu bryst. Der kan kvar truande sjel finna ro og få sjå inn i kva ein har i Han, og der kan ein henta styrke til den travle kvardagen. For det gjeld om å få sjå på Hans «storfelde verk, då vert i striden eg sterk», som Bjerkreim skriv. Så leiar òg denne sangen oss til å tenkja på livet etter dette. For me må ikkje sjå oss blinde på alt som glitrar og glimar her og la det få makt over oss. Det var det som heldt på å skje med Asaf i Salme 73. I staden skal me få festa blikket vårt på Jesus og sjå kva som ventar oss heime hjå Han. «Verda då taper sin glans!», peikar Bjerkreim på.

Dermed rommar sangteksten både kvardagslivet som ein kristen og den framtidsvona me har. Teksten gjev trøyst i tunge stunder og rettleiing om kvar ein skal gå. Og den har himmellengten over seg, ein dimensjon som kanskje ikkje så ofte er framme i tanken vår midt i alle gjeremål.

Om du ikkje kan tonen, kan du lesa teksten – og eg trur du vil kjenna deg rikare etterpå. For Adolf Bjerkreim (død i 1963) set her menneskelivet i eit rett perspektiv.

Petter Olsen



Gi til NMS – få skattefradrag!



Det Norske Misjonsselskap

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

Vil du gi en gave til Normisjon?



Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

www.normisjon.no

Strikke-trivsel på Lye



Smilande kafé-damer



Herleg mjuk pels på Ludvig!



Fine gevinstar

Ein tysdagskveld i januar fekk Helgedagen vera med på strikke-kafé på Forsamlingshuset på Lye. Sidan det var første gong ein strikkeglad person som meg skulle få møta likesinna på kafé, var eg litt spent. For å halda oss i strikke-fagspråket, korleis var dette opplegget? Triveleg! Mellom 20 og 30 damer (ingen menn!) hadde benka seg rundt langbord, dei fleste frå Lye. Alle hadde noko mellom hendene. Svært ulike ting var i emning: sokkar, skjerf, teppe av ulike slag, vottar, bunadforkle, gryteklutar, genserar – og ein liten, herleg Ludvig frå Flåklupa!



Bunadforkle og strikk på gang



Kjekt å sjå kva andre driv med!

Som på andre kaféar var det og sal av mat: Heimelaga mysli - rundstykke med smør og ost/syltetøy, og kaffi eller te. God og rimeleg mat! Utlodding hadde dei òg, der gevinstante for det meste var heimelaga.

Praten gjekk livleg rundt borda, og ein ny i laget vart ikkje sitjande stille og åleine. Lett å finna nokon å drøsa med!

Etter spennande utlodding nærma det seg avslutning. Før alle gjekk kvar til sitt, kunne dei få med seg eit lite bibelvers på fint blomekort.

Lillian Hjørnevik var det som drog denne kaféen i gang på Lye. Ho hadde vore på nådegåvekurs, og i etterkant av dette blei ho spurd om å vera med i ei diakonigrupp på Lye. Her vart det spørsmål om kva ho kunne bidra med. Lillian har alltid vore glad i handarbeid, og ho hadde gått med tankar om å få til ein sosial møteplass. Litt snakk i gruppa enda fort med forslag om strikke-kafé, og då var det berre å setja i gang! Det vart òg ein liten studietur til Foss-Eikeland for å sjå på korleis dei gjorde det der. Det blei tre strikke-kaféar i fjor haust og tre i vår. Ein ny runde er planlagd til hausten!

Dersom du får lyst å vera med på desse samlingane, er du hjarteleg velkommen, sjølv om du ikkje bur på Lye – eller heller ikkje er flink til å strikka! Sjekk heimesida <http://www.lyeforsamlingshus.no>. Dei har også eiga side på facebook: "Strikkekafe på Lye forsamlingshus"

Tekst og foto: LHH

Mange damer
og mykje drøs

Lillian Hjørnevik, initiativtakaren til kaféen,
her i midten, i prat med Aslaug og Annbjørg



Dei ti boda - Gjerde rundt verdiar



Foto: KAA

Kva verdiar får han med seg i oppveksten?

Det er ein del år sidan det var vanleg med utanåtlæring av salmer og katekisme i skule- og konfirmantundervisning. Gjennom den "vesle katekisma" fekk dei unge grunnleggjande innsikt i kva kristentru og kristenliv inneber. Dei ti boda er sentrale i katekisma som og inneheld forklaringar til trusartiklane, bønene i fadervår, dåp, nattverd og skriftemål.

Redaksjonen av Helgedagen ønskjer å løfta fram og setja fokus på dei ti boda. Har me bruk for boda i dagens samfunn? Kor viktig er det at ein har "stabbestenar" eller "føringskantar" på livsvegen? Og er det nok å ha eit lovverk i "det ytre" utan at det eksisterer ein åndeleg dimensjon som påverkar sinnelaget?

Me tenkjer kanskje ikkje over kor stor del av vårt kulturelle medvit dei ti boda eigentleg er. Dei var med å forma lovverket lenge før me fekk grunnlova for 200 år sidan. I generasjon etter generasjon har undervisning i etikk vore knytta til dei ti boda. Dei var viktig rettesnor for korleis folk skulle leva.

I jubileumsåret minnes me dei som gjeikk i bresjen for vår sjølvråderett som folk. Med tanke på den materielle velstanden som me nå nærast tek for sjølv sagt, bør me vel og, med audmjuk takk, hugse på kva dette har kosta av slit og forsaking i generasjonar før oss.

I arven etter våre forfedre er dei ti boda ein viktig ressurs. Me kan med fordel studera dei nærare og reflektere over kva relevans dei bør ha i dagens kompliserte samfunn. Landet vårt er rikt på materielle gode. Men me ser at overflod kan føra til farar og utfordringar. Egoisme og materiell arroganse grip om seg. Kan det vera at gjerda rundt våre verdiar, som dei ti boda, er utsette for press og i stor grad har vorte borte?

„Kan det vera at gjerda rundt våre verdiar, som dei ti boda, er utsette for press og i stor grad har vorte borte?"

Helgedagen startar med dette ein serie om boda. I dette nummeret kjem Jens Olav Mæland med ei utgreiing om det første bodet.

Redaksjonen minner om at den nye salmeboka som kom i fjor haust (Salmebok 2013), inneheld den vesle katekisma. Der finn ein altså dei ti boda med enkle forklaringar. Salmeboka må for øvrig kunna kallast ei skattkiste med nær tusen salmar, norsk bønemark, katekisme samt enkle liturgiar.

RT

GUD – ELLER AVGUDANE



Foto: KAA

Dei aller fleste av dei ti boda er aksepterte og haldne i hevd på ein eller annan måte over heile jorda, uansett kultur eller religion. Det gjeld til dømes bodet om å heidra far og mor, det fjerde, eller bodet om ikkje å stela, det sjuande. Kort sagt: Lova si andre tavle, dei sju siste bodorda er allment gyldige bod. Eit samfunn vil gå heilt i oppløysing dersom ein set det sjuande bodet ut av kraft: Du skal ikkje stela!



Jens Olav Mæland

Men det er annleis med dei tre første boda – som me kallar lova si første tavle. Det første bodet finst ikkje over alt, og det finst slett ikkje i den form me har det i Bibelen. Likevel er det heilt avgjerande. For det første bodet grunngir og gir motivasjon for alle dei andre boda. Kjem ein skeivt ut her, blir heile "svevet" uryddig, for å bruka eit bilete frå hoppporten.

Kva er det så Gud vil oss gjennom dette bodet?

Eg skal nemna to hovedsaker:

1. Gud ber om å få vårt hjarte sin tillit og tru.

Luther seier det treffande i si utlegging i Store katekisme: "Meininga med dette bodet er at det krev hjartets rette tru og tillit, som er retta mot den sanne, einaste Gud – og heng fast ved han åleine".

Det er altså ikkje ei yting Gud spør etter, ikkje ein prestasjon eller ei spesiell gjerning. Nei, han spør rett og slett etter vårt hjarte, det innerste i oss. Det er jo han som har skapt oss! No ber han om å få eiga det han sjølv har skapt.

Difor er bodet noko positivt. Det uttrykkjer Guds nidkjærheit for å eiga vårt hjarte, vår tru og tillit. Difor skal all forkynning, trusopplæring og sjelesorg ha dette siktet: Å føra menneske i harmoni med det første bodet, føra det inn i eit rett forhold til Herren Gud, han som er opphavet til og oppretthaldaren av alt.

Første bodet: Du skal ikkje ha andre gudar enn meg.

Luther si forklaring: Vi skal ottast og elska Gud over alle ting og lita fullt og fast på han.

2. Dernest vil han gjennom dette bodet skapa sann guds frykt.

Nektingsordet "ikkje" seier oss det. Vi blir varsla om ein stor risiko, nemleg "andre gudar". Sjølv om det ikkje finst andre gudar, fins det makter, førestellingar og etterlikningar som vil ha oss i si makt.

Desse ropar støtt på oss. Dei smigrar

oss, leikar med oss og tek tak i oss. Men dei blir alltid konkurrentar som vil røva til seg Guds eigedom. Dei set alt inn på å få tronsete i hjarto våre, styre oss og herska over oss.

Difor må det setjast ei sperrelinje. Det første bodet set ei slik grenselinje. Gud vil vera åleine om sin eigedom. Vårt hjarte kan ikkje delast mellom Han – og etterlikningane! Gjennom dette bodet vil han kalla fram den rette vørnad, respekt og ærefrykt.

Han vil ikkje gjera oss til slavar med trælen si frykt, den som nok kan lyde sin Herre, men som innerst inne foraktar han. Nei, han kallar oss til heilag frykt, som gjer at vi ottast og elsker samstundes. Å elska og ottast/frykta er djupast sett to sider av same sak. Sann og ekte frykt går over i kjærleikens hengjeving.

*

Det første bodet er aktuelt som aldri før. Gud er framleis nidkjær for sin fremste skapning, mennesket. Han brenn etter å eiga vårt hjarte, vår tru og tillit. Samstundes er han brennande harm mot alt som vil krenka Han, mot alle etterlikningane, avgudane. Og 'avgud' er alt som gjer at Han blir stengt ute.

"Mammon" er ein slik gud, Matt 6,24. Dyrking av "idol" er avguderier. Politikk kan ta Guds plass, likeeins ulike engasjement. Sjølvdyrking, kroppsfiksering, forfengeligheit, motegalskap med meir – kan bli erstatningar for Herren Gud. Underhaldning og surrogat kan bli det "brødet" mennesket nærer seg med.

Gjennom det første bodet blir me ropt tilbake til vår Herre og Skapar, den sanne og levande Gud. Veggen dit går gjennom Jesus Kristus. Han er veggen til Far. Den som set si lit til Jesu frelse, er komen i harmoni med det første bodet. For det er trua og kjærleiken som er oppfyllinga av bodet.

Jens Olav Mæland

Bryne kyrkje

Lørdag 26. april kl 11.00	Lørdag 26. april kl 13.00	Søndag 4. mai kl 10.30	Søndag 4. mai kl 12.30
Odd Harald Auglend Tord Bohne William Robert Kvamme Braut Ola Johannes Elvedahl Anders Torgersen Fløysvik Anna Garborg Emil Grødeland Martin Hognestad Karl Helle Jonsbråten Maren Hinnaland Kjetland Martin Hinnaland Kjetland Jonny Krogedal Andreas Sannarnes Kvitvær Kristoffer Mjåtveit Hannah Nummedal Tonje Vigre Nødland Åse Olsen Hanne Roalkvam Tord Johnsen Salte Andrine Olufsen Seglem Erik Egeland Steinnes Maren Særheim Andreas Ueland Eirik Olav Ingwardo Veggeberg Amalie Vetarhus	Viktor Barvik Andersen Adrian Berntsen Sander Berntsen Owe Ree Bokn Sander Ueland Braut Ola Djuve Båtsvik Ovar Lende Egeland Ingve Grødem Henny Jonsbråten Kyrre Lemvik Synne Høitomt Orre Emil Erland Otto Birgitte Rennesvik Ree Andreas Aareskjold Salte Renate Sangolt Anders Sletten Solli Simen Stølsnes Emily Thu Mathias Aase Ulland Tiril Lode Ulriksen Anna Sørmarken Vestly Maren Vigre Maria Wiig Ingrid Apell Østbø	Stine Bertelsen Maren Anda Fuglestad Markus Hersdal Kine Høyland Andreas Hetland Haavik Anna Djuve Jerstad Jens Bjarne Leirvik Larsen Hannah Lende Joar Njærheim Andrea Norheim Magnus Oma Marcus Risa Ouff Selma Ree Andreas Salte Ingrid Solheim Kristian Nygård Solvik Ina Strømland Johnny-Andre Rosland Søiland Gabriel Aarrestad Time Andrine Fjogstad Tobiassen Aslaug Norun Dalseid Veggeberg Ane Nesse Wiig Oline Øfsteng	Sander Hobberstad Andreassen Vilde Evertsen Silja Norheim Finnesand Anne-Margrete Garborg Ole Thomas Sekkenes Hamre Mari Hegelstad Ane-Marie Lolita Hjelle Jenny Høie Holen Jon Horpestad Hanne Engedal Nilsen Dag Anders Nyman Ane Olsen Kristian Rugland Tord Rosseland Salte Mathias Engstrøm Sandstøl Morten Sivertsen Karen Skadberg Lise Vingen Marit Lindland Østhus

Ver med og be for konfirmantane våre:
Bed, så skal de få. Leita, så skal de finna. Banka på, så skal
det verta opplate for dykk. For kvar den som bed, han får,
og den som leitar, han finn, og den som bankar på, for
han vert det opplate. (Matt 7,7-8)



Foto: Ragnhild Aalgaard

Trafikalt grunnkurs
Bryne Bil & MC Skole

Erlandsbakken 4, 4349 Bryne, Tlf. 51 48 25 10

Undheim kyrkje

Søndag 12. mai
kl 10.30

Ole Martin Bø
Eline Fosse
Kornelia Gauksås
Elisabeth Gausland
Renathe Haugvaldstad
Anton Gya Kartevoll
Ole Håland Mellemstrand
Torstein Tunheim Olsen
Eva Risa
Brage Sikveland
Ane Taksdal
Petter Taksdal
Sigurd Tjåland
Ola Undheim
Patrick Undheim
Rein Undheim

Time kyrkje

Søndag 11. mai
kl 10.30

Geir Atle Apeland
Andrea Berge
Julie Slora Fotland
Hanne Gausland
Håkon Grødem
Håvard Grødem
Maren Grødem
Tormod Frøyland Grødem
Andreas Fosse Hansen
Gustav Fosse Hansen
Maria Jakobsen Hinnaland
Marita Høyland Husebø
Kristin Håland
Morten Tjensvoll Kulleseid
Ida Lervik
Brit Elin Ree
Thorvald Sandsmark
Erik Saurdal
Adrian Serigstad
Andrea Serigstad
Lisa Sikveland
Ola Sæbø
Bjarne Aarsland
Emilie Figved Åsen

Søndag 11. mai
kl 12.30

Sverre Frantzen
Christoffer Hansen
Kristoffer Harestad
Jonas Haugland
Simen Haugland
Lene Elise Kåstad
Maren Elise Haga Norheim
Arve Horpestad Nyheim
Torjus Prestegård
Glenn Rugland
Maren Osaland Sele
Anna Wiktorina Serigstad
Eirik Undheim
Emilie Skretting Vignes
William Vigrestad Øvsthun



Foto: KAA

Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon - tysdag 8. april 2014



Konfirmantane på Bryne: Ja, me æ klare! Æg gler meg!

Det er kyrkjelydar landet rundt som står for gjennomføringa av fasteaksjonen. Tema er «Når katastrofen rammar...», og det blir samla inn pengar til heile Kirkens Nødhjelp sitt arbeide. I heile Time, Undheim og Bryne kyrkjelyd vert fasteaksjonen arrangert tysdag 8. april. Då kjem konfirmantar og konfirmantforeldre rundt på dørene med innsamlingsbøsser. Ta vel imot bøssebearane våre.

Kirkens Nødhjelp er der i katastrofen og treng deg! Støttar du fasteaksjonen, blir du med på å bidra til at folk kan reise seg og få betre liv.



Står saman

Kirkens Nødhjelp jobbar for at så mange som råd er, skal få sjansen til å overleve katastrofer. Krigsflyktningar frå Syria er ein del av dei du støttar ved å delta i fasteaksjonen. Då står du saman med Wejdan Jarrah i arbeidet hennar med å gje syriske flyktningar håp i ein desperat situasjon. Wejdan er spesialist på å møte folk som har opplevd grusomme ting:

- Her i Zataari har altfor mange opplevd å sjå søsken og foreldre bli drepne på bestialsk vis framfor augo deira. Men viss eg kan bidra til at dei i det minste ser håp om ei betre framtid, har eg den mest meningsfulle jobben i verda, seier 32-åringen som er frå byen Ibrid i Jordan og har master i psykososialt arbeid.
- Innan fagfeltet mitt kallar vi arbeidet vi utfører for psykososial førstehjelp. Det er akkurat det det er; mange treng naudhjelp også psykisk. Mange hadde hatt bruk for individuell hjelp vidare, men vi har ikkje meir kapasitet enn det vi har, seier Wejdan.

Sjølv om ho har den rette utdanninga og erfaringa, er det verkeleg hardt arbeid:

- Det er klart det går inn på meg. Eg møter så mange lagnader at eg ofte må jobbe med eigne tankar etter lange arbeidsdagar, og arbeide med dei for å ruste meg opp til ein ny dag i leiren, seier ho.

Godt å gjere noko

Fasteaksjonen er eit høve for oss i Noreg til å gjere noko konkret med alt det vonde vi høyrer om i nyheitene. Vi kan bidra. Det vi gjer tel for at hjelpa skal nå flest mogleg.

Pengane vi samlar inn til årets aksjon går som vanleg til heile Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. Akkurat no pågår eit stort arbeid for syriske flyktningar. Dei får reint vatn og trygge sanitære forhold, i tillegg til at anna naudhjelpsarbeid som blir utført i samarbeid med kyrkjelege partnarar som blant anna Det Lutherske Verdsforbundet.

Men Kirkens Nødhjelp arbeider også med gjenoppbygging og klimaførebyggjande tiltak på Filippinene. Pengane som kjem inn i fasteaksjonen, gjer det mogleg å handle raskt i katastrofar, som etter tyfonen på Filippinene.

Generalsekretær i Kirkens Nødhjelp, Anne-Marie Helland, ønskjer å rette ei stor takk til alle kyrkjelydane landet rundt som deltek, alle frivillige som går med bøsse og alle som gjev pengar:

- De utgjer ein skilnad, og eg er stolt og imponert over at så mange blir med på denne dugnaden for rettferd. Innsatsen dykkar gjer det mogleg for oss å vera tilstades i katastrofen, seier Helland.

Vi møter kvardagsheltar, som Wejdan, i Kirkens Nødhjelps prosjekt over heile verda. Støtta frå norske kyrkjelydar gjer at forbilda får høve til å skape verkeleg og varig endring. For seg sjølv, for andre og for kvarandre.



Wejdan Jarrah i arbeid i flyktningleiren Zataari i Jordan

Konf-Reunion



Heile Konf-Reunion samla



Ikkje gjer dette heime...



Ballongleiken



Magiske ringar

7. februar blei det arrangert Konf-Reunion for første gong i Bryne kyrkje. Fjorårskonfirmantane var inviterte til magiske øyeblikk med Ruben Gazki, pizza, sosialt fellesskap, andakt, bønnevandring og ikkje minst mimring frå konfirmantåret. Det var ein ubetinga suksess! Ca 40 fjorårskonfirmantar møtte, og dei som ikkje kom, kan angra på det. Dei gjekk glipp av ein fantastisk kveld.

Konf-Reunion er eit nytt konsept og er ein del av trusopplæringa 0-18 år. Me ville prøva konseptet ut i ein kyrkjelyd, før me eventuelt skulle arrangera det i dei andre kyrkjelydane våre. Etter suksessen er det ingen tvil om at årets konfirmantar allereie kan begynna å gleda seg til Konf-Reunion neste år. Då blir det Konf-Reunion for både Bryne, Time og Undheim.

Ingfrid Time Nærland

Samefolkets dag i Fotland barnehage

Barn og tilsette i barnehagen på Fotland har fått læra mykje om samisk kultur det siste året. Samuel (3,5), busett på Lende, har samisk mor og har gått i barnehagen sidan august 2012. Familien har støtta aktivt opp for å visa samisk tradisjon og identitet.

På samefolkets dag, 6. februar, var det lagt opp til ei flott markering i barnehagen. Helgedagen var med på feiringa som starta med samlingstund leia av Ellen Sara Reiten Bientie, Samuel si mor. Barna var spesielt begeistra for samisk song og musikk som dei kjente frå før. Dei kledde opp ei dokke i samiske klede og Ellen Sara fortalte om skikkar og om bruk av fargar. Så var det samling rundt eit flaggpynta matbord. Dei tilsette hadde laga reinsdyrskav og moltekrem. Det vart reine festmåltidet. Etter maten fekk barna prøva seg på lassokasting ute.



Lassokasting er tradisjon

- Det er viktig for oss å visa litt av samisk identitet i barnehagen, seier leiaren i barnehagen, Kari E. Stokka til Helgedagen. Ho fortel at barnehagen har fått støtte til innkjøp av lassoar, reinskinn og ein lavvo av tømmer som er plassert tett ved barnehagen. Dei søkte og fekk midlar frå Sametinget til å byggja lavvoen.



I Fotland barnehage vart samefolkets dag markert med eit flott program. Her vert det servert reinsdyrskav og moltekrem

Ellen Sara kjem frå ein sør-samisk familie. – Det har vore kjempebra å samarbeida med barnehagen på Fotland. Denne kontakten betyr mykje for oss. Og den er ekstra viktig for sonen vår. Han får spegla litt av eigen identitet og gjenkjenna litt av kulturarven, fortel ho.

Mora til Ellen Sara kjem på besøk om lag ein gong i halvåret. Då er ho mykje i barnehagen, og ho er blitt populær blant barna. Ho er barnehagen si "aahka" (bestemor). – Kva tid kjem "aahka", spør stadig barna.

RT



... like til Betlehem
Overskot overrekk Idas hjelpefond

Bryne kyrkje. Ida Jaarvik får sjekken av Arnfinn Vigrestad

Musikalen ...like til Betlehem vart framført i Bryne kyrkje før jul og mykje folk strøymde til. Faktisk måtte fleire snu i døra på siste forestilling på søndagen.

Musikalen var ei stor oppleving, ikkje minst for dei 120 aktørane som deltok. Dei kristne forsamlingane på Bryne som stod bak arrangementet, hadde på førehand bestemt at eit eventuelt overskot skulle gå til Ida's Hjelpefond; brynejenta som driv arbeid for barn i Guatemala.

Og overskot vart det: heile 43000 kroner vart overrekk Ida Jaarvik Hetland på eit arrangement i Brynekyrkja i januar. Det er pengar som kjem godt med i hennar arbeid i Guatemala!

AV

Lye forsamlingshus

Gudsteneste med
MINI-PÅSKESPEL

Palmesøndag 13. april kl 1030

Framføring av eit MINI-PÅSKESPEL
(manus/regi: Sigurd Idland)

Lye Barnegospel syng
Sokneprest: Gunnar Frøyland
Kollekt til NMS



Torsdagstreff Bryne kyrkje (peisestova)

8. mai kl 14.30

Arnfinn Vigrestad:

"Grunnlova - kva har ho betydd, og kva kan ho bety for oss?"

Song, matøkt og andakt



FREDHEIM ARENA, SANDNES

Sett av 14. juni 2014

SAMMEN I BØNN OG TRO
- selv om fasaden slår sprekker

Lise Karlsen
Lill May Vestly

mødre i bønn
Ber for barn og skoler

Påmelding til Mødre i Bønn:
www.momsinprayer.no

Samarbeidspartnere: NKSS - SØNDAGSSKOLEN - Kvinner i Nettverk - JesusKvinner



PILEGRIM

Foto: KAA

Området langs den gamle Kongevegen mot Hå gamle prestegard er ei populær pilegrimsløype

“Vi har alle noe felles. Vi er på vandring fra vogge til grav. Hvor lang strekning vi har foran oss, vet vi ikke. Vi er underveis. Vi er pilegrimer.”

På Jæren er det fint å være pilegrim. Skaperverket kommer så tett på oss. Havet og himmelen som spiller det, lærer oss om livet og evigheten. I nærkontakt med naturkreftene opplever vi at vi mennesker er små, og Skaperen er stor.

Gud har lagt ned i oss en lengsel. Alle mennesker er religiøse. Hvis ikke Gud får fylle det rommet som han har skapt oss med, finner vi noe annet som kan fylle oss. En erstatning for Gud.

Å gå pilegrim er å åpne seg for det Gud kan gi. Han møter oss i alle intrykkene vi tar inn gjennom sansene vi har. Han lar oss møte igjen opplevelser og kunnskap som vi bærer med oss i bagasjen. Ting vi har lest og hørt. Ord som foreldre, besteforeldre, lærere og barneledere la oss på sinne lang tid tilbake. Å gå pilegrim er en ytre og en indre vandring der vi kan møte andre mennesker, møte oss selv og møte Gud.

Det kan ofte være godt å gå alene med de lange tankene. Men å ha en medvandrer som du kan samtale med, kan gi nytt mot og hjelp når veivalg skal tas.

Målet for en pilegrimsvandring er ofte et helligsted, en kirke e.l. Vi har mange slike steder i Hå. Steder som hjelper oss å fokusere på Gud.

Kelterne snakket om «a thin place», et sted der det kun er en tynn vegg mot det hellige. Et sted der guds nærværet oppleves sterkt.

Når vi går Den gamle kongevegen i Hå har vi flere gode steder underveis. Vi kan nevne den gamle kirkegården på Varhaug, Tusenårsplassen ved Obrestad havn, med utsyn til ettertanke. Obrestad fyr med «Stille rom» der du kan finne ly. Finne hvile for sjel og sinn. Hå gamle prestegard som var et kraftsenter, - et sted for sjelsorg og sosialhjelp når livet ble vanskelig. På det gamle kirkestedet på Njærheim står «Kristkrossen». Korset som har stått støtt i over 1000 år. Et vitnesbyrd er det. Bøndene reiste korset for å markere at nå var det «Kvitekryst» som gjaldt. Odin og Tor var ute.

Mange går langs jærkysten. Noen søker naturopplevelser. Noen vil trene kroppen og noen vil åpne seg for Skaperen og troen. En pilegrim bruker ofte bibelvers, salmevers og bønn når han lytter etter hva Gud vil gi.

I august i fjor var 15 pilegrimer på en langvandring fra Egersund til Stavanger domkirke. I fem dager gikk de. I regn og sol med sekk på ryggen. Enkle måltider. Morgenbønn, middagsbønn og kveldsbønn. De kom innom på Hårr en tirsdag formiddag. Det passet godt med en rast der før de fortsatte nordover, over gjerdeklyvere og merket turveg med blåmalte pinner.

Det var fint å møte dem. De fikk en hvil for trette føtter, de fikk noe å drikke til matpakka si, og vi hadde middagsbønn sammen, - før de vandret videre.

Anne-Sofie Haarr



Foto: KAA

Kristkrossen på Njærheim - mål for vandringa

Pilegrimsvandring 2. påskedag, 21. april 2014

Startar med ei kort gudsteneste i friluft kl 11.00 utafor den tidligare kyrkja i Nærlands-parken

Deretter går me ned til sjøen og følgjer den merka Kongevegen sørover. Ved munningen av Håelva tek me ein rast. Turen går derfrå tilbake til Kongevegen, og endar opp ved Kristkrossen på Njærheim. Undervegs er det lagt inn stopp med lesing av bibeltekstar, bønner, stille og salmesang

Ta med mat og drikke, og gjerne ei matte til å setje seg på

Velkommen til alle, også til dei som bare vil vere med på gudstenesta

Arrangør: Pilegrimskomitéen i Jæren prosti

Vårkonsert Fredag 2. mai kl 19.00 Undheim kyrkje



Mannskoret Frimenn

Billettar: kr 150
Førehandssalg: Bok og Media
og Undheim handelslag
Arrangør: Frimenn



Sopranen Ann Kristin Sørvåg



Saksofongruppa frå Undheim

og Pianist: Ida Mo



Koinonia
BØKER, GAVER, LEKER OG INNRAMMING
Brynesenteret – Storgata 40 - 51486520



JÆRPRINT
TRYKKERI & DESIGN



Bogh Lafoe a/o TOYOTA
Fossveien 3, 4370 Egersund
tlf. 51 46 17 00



TIME ELEKTRO AS
når resultatet er viktig



KLAR FOR OPPDRAG AV ALLE SLAG
FAGKUNNSKAP GIR TRYGGHET
BYGGMESTER RØGENES & Co A/S
ROY FRODE MONGE
90 11 66 41
rfm@rogenes.no
ODD KARE RØGENES
90 94 01 80
okr@rogenes.no



VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS
eK Glassmesterforretning
Einar Knutsen as
Postboks 149, 4349 Bryne
TLF. 51 48 02 11.
DØGNSERVICE 971 78 180



REMA 1000
Håland 8-22 (9-20)
Hognestadvegen 90
51 48 79 02



eikhi
eikhi.no



WACO
Forsikringsmegling as



EiendomsMegler 1
JÆRMEGLEREN



BERGENE MASKIN
Grødelandvegen 28 - Tlf: 917 30 249
Graving – Transport – Singel –
Grus – Solla jord



JÆREN HOTELL



EL-TEAM
Elektroentreprenør
Morenefare 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40
E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net



Korleis har du det...
EIGENTLEG?
Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no
Kirkens SOS
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST



Den Norske Israelsmisjon
Misjonsblad for Israel
6 nr i året - 240 kr
Sjekk ut nettsiden vår!
www.israelsmisjonen.no



La oss ta hele badet
Ring 51 77 91 91, og be oss ta hånd om alt fra
tegning til fiktst ferdig, nytt badetom. Les mer på
www.byggelaget.no
Byggelaget



JÆREN MISJONS RADIO
Nærradioen med godt nytt
Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22
Sender på
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9



Jesus Kristus
er i går og i dag
den samme, ja
til evig tid.
Hebr. 13,8.



BLIFADDER!
www.blifadder.no
22 94 26 00 misjonsalliansen



Fotland bedehus

7. april Bønnemøte

12. april Ungdomstreffen

NB! 13. april me deltek på gudsteneste i Time kyrkje

17. 18. og 20. april Påskemøter NLM

26. april Ungdomstreffen

27. april Søndagsskule

29. april Forening NMS
5. mai Bønnemøte

17. mai Fest ungdomstreffen

18. mai Søndagsskuletur til Homavatn

19. mai Bønnemøte

24. mai Ungdomstreffen

27. mai Forening NMS
2. juni Bønnemøte

7. juni Ungdomstreffen

16. juni Bønnemøte

24. juni Forening NMS



Aktivitet på
Lye forsamlingshus:

Open barnehage - LYKKELITEN
Onsdagar 09.30 - 13.00

Barnekor
Agape (4. - 7. kl.): Annankvar man-
dag 18.00 - 19.00 (Oddetallsuker)
Barnegospel (5 år - 3. klasse):
Mandagar 17.05 - 17.50

JuniorKro
For 6. - 7. klasse, annenhver fredag
19.00 - 20.30

Ungdom (8. klasse og oppover)
Fredagskvelden 22.00

Bryne
Kyrkja "Søndagstreff"

Kl 18.00: Ringleik & allsong + kaffi &
drøs i peisestova i **Bryne kyrkje**
Kl 19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen

Søndag 6. april
NB! Torsdag 22. mai - grillfest

Arrangementet er tilrettelagt for men-
neske med utviklingshemming

MAKSKLUBBEN
På SARON
saron

Tirsdager 17.30 – 19.00

Fra 1. klasse og oppover:
2.4 - 8.4 - 22.4 - 29.4

Sløydarbeid hver gang og forming
annenhver gang
Bryne misjonslag
tilsluttet Misjonsambandet

FRELSESARMÉEN
BRYNE



- April**
Fast Program
Mandag 28. Hjelpeforening kl19
Tirsdager 1. 8. 15. 22. 29. Hjemforb. kl 19
Onsdager 9. 23. Bibel og Bønn kl 19
Torsdager 3. 10. 24. Cafe William kl 12
Fredager 4. 11. 25. FAbu-klubb kl 18
Søndag 6. Gudstjeneste kl 11
Besøk av Gideon
Søndag 13. Familiegudstjeneste kl 11
Søndag 27. Gudstjeneste kl 11

- Påske**
Torsdag 17. Skjæretorsdag kl 19
Søndag 20. Gudstjeneste (Påskedag) kl 11
Mandag 21. Fest (Andre Påskedag) kl 19

- Fest**
Fredag 4. Hjelpeforenings basar kl 19
Oblt. Odd og Grete Berg og
Riskakameratene kommer på besøk


- Mai**
Fast Program
Mandag 26. Hjelpeforening kl 19
Tirsdager 6. 13. 20. 27. Hjemforb. kl 19
Onsdager 7. 21. Bibel og Bønn kl 19
Torsdager 8. 15. 22. Cafe William kl 12
Fredager 2. 9. 16. 23.30. FAbu-klubb kl 18
Søndager 4. 18. 25. Gudstjeneste kl 11
Søndag 11. Familiegudstjeneste kl 11

AKTIVITETEN
På SARON
saron

Torsdager 19.00 – 21.00

Fra 6. klasse annenhver torsdag:
3.4 - 10.4

Modellflybygging og simulator, bil og
elektro byggesett
Misjonsambandet

 BILGLASS Torland Autoglass AS Storgata 41, 4340 Bryne Tlf. 47 93 55 16	 Tlf 40 04 21 22 Arne Garborgsv 36 www.pro-net.no • Datahjelp hjem på døren • • Databutikk og PC verksted •	aktiv. Skal du selge bolig? Aktive meglere lønner seg! Kontakt Aktiv Eiendomsmegling Jæren på 51 77 80 00 / bryne@aktiv.no Vi megler frem dine verdier www.aktiv.no
 FRETEX	Brit Ege Salongen Frisering og annen skjønnhetspleie  Meierigata 16, 4340 Bryne Telefon 51 48 03 72	
	* Alveland * BUNADER Meierigt. 15, 4340 Bryne www.alveland.info	TIME SPAREBANK -for Jæren
 PERSIENNER Tlf. 473 59 935 - per.hareland@lyse.net LAMELLGARDINER RULLEGARDINER PLISSÉGARDINER SCREENDUK MARKISER GRATIS MÅLTAK-ING Kirsch TUNDRA www.jaersol.no	 Jær Tannlegene Heidi Bøe Honningsvåg Jaertannlegene.no 5148 4800	Johansen Elektriske as Postboks 510 - 4349 Bryne Tlf: 51 48 01 01
 Rogalandshus	 MØBELRINGEN I. Bjørnsen A/S Jærv. 250,4340 Bryne - 51 78 50 20	 Bryne Elektriske
 JENS GERLACH SØRENSEN A-S	 BYGGMESTER HERSDAL AS Alt i nybygg, påbygg og rehabilitering Mobil 908 55 625	 Sjekk Punkt BILVERKSTED www.sjekkpunkt.no 4000 6447 LYE BIL AS
BØRGE UNDHEIM A/S KYLLINGOPPDRETT  Litlaundheimsvegen 135 4342 Undheim Tlf 51 48 89 00 Opp til 18 veker gamle kyllingar kan leverast heile året	VARMEPUMPER FRA 13.900,- • MASSASJEBAD • SENTRALSTØVSUGER • KJØLEROM • AVFUKTER/ LUFTRENSER  Jærveien 67 - Nærbø - Mosterøy - 09543 reha.no  REIME & HAUGVALDSTAD Våre kunder skal ha det godt	
Aanestad Maskin  900 59 966 www.aanestadmaskin.no Graving - Løing - Masseflytting		



PÅSKENATT

Påskeaften 19.april kl 23.00 @ Time Kyrkje

Bli med på ei rørsle frå mørker til lyset, natt til første påskedag
 La oss samlast rundt Han som påsken verkeleg dreier seg om: JESUS!
 Det blir lovsong, bibel, vitnesbyrd og nattverd

Ungdom frå ulike kyrkjer i Time deltar

Alle er velkomne!



Vi ønskjer å invitere deg til

Brynekyrkja

Våren 2014

www.brynekyrkja.no | www.facebook.com/brynekyrkja



Hemsedaltur 2014



Foto: Gustav Skjæveland

Hemsedaltur i vinterferien er en tradisjon. Ønsket er å invitere med venner som til vanlig ikke er med i huskirkene. I år var vi 45 stk i fra Bryne som reiste sammen med cirka like mange fra Strand huskirker. En god ungdomsgjeng som reiste på tur for å stå på ski sammen og bli bedre kjent med Gud.

Tidlig onsdag morgen var vi klar for busstur. Stemningen var god med drøs, synging, musikk på ørene, fin natur og sendeposer. Sendeposer er en god tradisjon hvor noen sender rundt snopet sitt til glede for alle. God stemning! Gleden var stor da vi kom fram til Krik høyfjellssenter etter tre timer venting ved Hemsedalfjellet.

Så var vi klare for tre dager i trekket. Et stort trekk med bakker for en hver smak. Det er bakker for de som ikke har stått på ski før, de som har stått på ski før og de som liker å hoppe og sprette i "parken". Flere av oss begynte i den grønne løypen for nybegynnere, mens andre gikk i andre løyper og skoger mellom løypene.

Etter en lang og god dag i trekket var det godt med en varm dusj og god middag. Noen nøt varmen i sauna mens de ventet på middagen, mens andre satte seg ute i stampen. Da alle hadde fått middag, samlet vi oss for å lovsynge Gud og høre mer om hvem Han er. Vi fikk høre evangeliet. Det å ha en relasjon med Gud, å være kristen handler om å ha retning Jesus og vitnesbyrd om at Han er med gjennom alt.

Vi er glade og takknemlige til Gud for at det ikke ble noen store skader og planlegger ny tur til neste år!

Marita Stangeland



Foto: Elisabeth Steinsland

Det litt muntre hjørne:

Løysing HelgeKryssord-1/14

B	Ø	N	H	Ø	Y	R	A
E	P	A	T	E	N	T	B
T	E	V	E	A	G	E	R
A	T	A	K	A	S	S	A
N	E	R	O	U	T	A	H
I	R	O	R	K	A	R	A
A	U	S	T	A	N	O	M

Vi følger opp med kryssord (løysing neste nummer) og serverer ein "passande" vits:

Navn på barn som skal døpes kan av og til bli et problem for presten. Sogneprest Hope hadde besøk av Konrad som skulle ha gutten sin døpt og som nok hadde et uvanlig navneforslag.

- Men du kan da ikke kalle barnet Hoseanna, Konrad, sa Hope.
- Hvorfor ikke? Mener du at det er et jentenavn?
- Det er ikke noe navn i det hele tatt, sa presten.
- Da har ikke presten lest Bibelen godt nok for der står det: "Hoseanna, du Davids sønn!"

KAA

HelgeKryssord-2/14 av Gabriel Tengsareid

1	2	3	4	5	6	7	8
	9			10			
11		12	13	14		15	
16		17		18		19	
20							
21		22			23		
24	25			26		27	
28							

Vassrett

- Måltid stifta av Jesus
- Lengdeining
- Kvinnenamn
- Fortalde
- Stabla
- På bilar frå Kristiansand
- Natrium
- Konjunksjon
- Gje pristolbod
- Åpen Bibel (fork.)
- Like konsonantar
- Organisme som manglar klorofyll
- Lever
- Svenske kroner
- ... de Janeiro
- Væske med vitamin D
- Like vokalar
- Plassering (fork.)
- Jødisk hyllingsrop, sjå Matt 21,9

Loddrett

- Jesu heimby med h
- Ufaglærd person
- Setja fram
- Thallium
- Meisterskap
- Utan sysken
- Plyndring
- Spreiing av jødane blant andre nasjonar
- Hesten
- Viktig høgtid
- Rotasjon
- Flyselskap
- Fred

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,

kto.nr. 3325.25.07057

Trusopplæringa i Time

kto.nr. 3325.39.13407

"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time

kto.nr. 3325.21.30859

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste

ungdomsarbeidar, Undheim

kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kyrkje - gåver

kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,

kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad

kto.nr. 3325.25.09270

Ungdomsarbeidar på Lye

kto.nr. 3325.25.04260

Kors på Bryne kyrkje

kto. nr. 3325.37.41061

Stikk innom vår heimeside

<http://www.time-kyrkja.no>

Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Gunnar Frøyland (Time)

tlf. 51 77 03 75 / 958 73 847

Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)

tlf. 51 77 03 71 / 911 57 105

Ungdomspastor Johannes Kleppe (Bryne)

tlf. 951 42 602

Sokneprest Per Børge Hillestad (Undheim)

tlf. 934 42 919

Diakon Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039

Diakon Ingelin H Norbakken tlf. 48 19 03 18

Nye tilsette:

Astrid Wold er tilsett som trusopplærar-vikar i Time- og Undheim sokn. Ho byrja i stillinga 1. mars



Gunhild Edith Lande er tilsett som vaktmeister, reinhaldar og kyrkjetenar i Bryne kyrkje og Time kyrkje. Ho byrjar i stillinga i juni



Tom Carlos Slettebø er tilsett som kyrkjetenar helg i Time kyrkje. Han byrja i stillinga 1. mars



Gerd Åshild Ueland er tilsett som kyrkjetenar helg i Bryne kyrkje. Ho byrja i stillinga 1. mars



Bryne
Kto. 3325.20.11906



Støttegruppe ved samlivsbrot

Det finst tilbod om å delta i samtalegrupper etter samlivsbrot. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på diakon@time-kyrkja.no eller ring kyrjekontoret på tlf. 51 77 03 74



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

02.02.14: Signe Birkeland Eide, Madelen

Wiig Fosse, Marielle Olsen Orstad

09.02.14: Anna Håland

23.02.14: Lucas Falkum Misje

02.03.14: Live Johansen, Gabriel Hernes
Hjelm, Torkel Austnaberg Høyekvam

TIME KYRKJE

26.01.14: Erle Finnbakk, Jonah Braut, Malin
Folkvord Høyland

08.02.14: Alvilde Holen

09.02.14: Johanna Rolland Farås, Sjur
Fløisvik Hanssen, Mille Marie Bjerga Monsen,
Theo Andreas Leirvik Skaar

09.03.14: Adrian Busch Holen, Klara
Herredsvela Høyland, Ulrik Dale

BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

19.01.14: Amalie Anda Tengesdal, Varhaug
kyrkje



VIGDE

24.01.14: Irina Mostachova og John Thor-
leiv Josefsen

08.02.14: Karoline Wiggen og Jan Erik
Holen

22.02.14: Gry Birkeland og Jørn Rugland

08.03.14: Ingunn Ree og Jon Petter
Sletthaug Runde



DØDE

Astrid Ree, Liv Sannerud Kverneland, Torunn
Hetland, Trond Sigmund Hegdal, Sverre Arnfinn
Løkken, Margit Pedersen, Irene Lovise Sveinsvoll,
Per Otto Haarr, Liv Alice Taksdal, Anna Halseth,
Mary Synøve Skjæveland, Tor Prestegård, Anbjørg
Sletten, David Snelleman, Johan Reime, Einar
Strøm, Ruth Haugland, Karen Margrete Pollestad

Et sted for frihet og forandring



Et samarbeid
mellom Bethania-
stiftelsen, Diakonova
og Normisjon

TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Samtaler kan avtales på tlf.: 467 46 670
eller mail: fermaterogaland@badeog.no
Besøksadresse: Oalsgt. 2, Sandnes
www.fermaterogaland.no

Begravelsesbyrå



**Obed
Bryne**

Begravelsesbyrå

www.obed.no

tlf: 51 77 80 80

24-timers vakttelefon
Skulegata 9, 4340 Bryne

KROGEDAL
begravelsesbyrå

D Ø G N V A K T
51 97 29 00

Våre medarbeidere på Jæren
Runar Apeland, Borgny Å.Skretting
og Brikt Goa
Kontor: Bryne og Sandnes og Stavanger

STEINAVDELING
GRAVMONUMENT
PLATER
www.krogedal.no

3. GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase
Aase
Begravelsesbyrå
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102
24 TIMERS VAKTTELEFON



Saronsbrotet 3, 4340 Bryne
tlf. 951 06 028

Opningstider:
mandag/fredag 10.00-17.00
lørdag 11.00-15.00

VARELEVERING MED MEINING

NMS Gjenbruk på Bryne

Butikken flytter **2. mai** til:

Parken Senter
(tidlegare postlokala)

Då treng vi meir fine møbler o.a.

HANDEL MED MEINING

*Vegen tilbake
til Gud*

*"For så elska Gud verda at
han gav Sonen sin, den
einborne, så kvar den som
trur på han, ikkje skal gå
fortapt, men ha evig liv!"*
Joh. 3,16

Bøn: Jesus, du veit om
mine feil og nederlag. Eg
trur at du er Guds son som
døydde på krossen. Slik vart
ditt blod gjeve for syndene
mine. Kom inn i hjarta mitt
og livet mitt og gjer meg til
eit Guds barn. Eg tek imot
deg akkurat nå som min
Herre og Frelsar. Eg tek
imot di tilgjeving for
syndene mine. I Jesu namn.
Amen



**Skyss til
gudstenesta**

BRYNE KYRKJE:
Sverre M. Lima 51 48 21 33

Jonas Frøyland 41 30 04 68

Gabriel Tengsareid 51 48 28 98

Ring før kl 10.00



GOD PÅSKE

Søndag 13. april - Palmesøndag

Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kyrkje	kl 10.30
Bryne kyrkje	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00

Skjærtorsdag 17. april

Bryne kyrkje	kl 19.00
Undheim kyrkje	kl 19.00

Langfredag 18. april

Bryne kyrkje	kl 11.00
--------------	----------

Påskennatt 19. april

Time kyrkje	kl 23.00
-------------	----------

Påskedag 20. april

Undheim kyrkje	kl 10.30
Bryne kyrkje	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00

Laurdag 26. april

Bryne kyrkje	kl 11.00
Bryne kyrkje	kl 13.00

Søndag 27. april

Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kyrkje	kl 10.30
Rosseland skule	kl 11.00
Bryne kyrkje	kl 19.00

Søndag 4. mai

Bryne kyrkje	kl 10.30
Bryne kyrkje	kl 12.30
Time kyrkje	kl 11.00

Søndag 11. mai

Time kyrkje	kl 10.30
Time kyrkje	kl 12.30
Undheim kyrkje	kl 10.30
Bryne kyrkje	kl 11.00

17. mai - Nasjonaldagen

Bryne kyrkje	kl 08.30
Lye forsamlingshus	kl 09.45
Time kyrkje	kl 10.30
Undheim kyrkje	kl 11.00

Søndag 18. mai

Bryne kyrkje	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00

Søndag 25. mai

Jærdagsscenen	kl 11.00
---------------	----------

Torsdag 29. mai - Kr. himmelfartsdag

Time kyrkje	kl 11.00
-------------	----------

Søndag 1. juni

(Bryne kyrkje) -> Brekko kapell	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00

1. Pinsedag 8. juni

Bryne kyrkje	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00

2. Pinsedag 9. juni

Undheim kyrkje	kl 10.30
Bryne kyrkjelyd -> Krosshaug	kl 11.00

Joh. 12,12-24

Gudsteneste. Dåp
Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule kl 11.00
Gudsteneste. Dåp. Film for barna
Gudsteneste. Nattverd

Matt. 26,17-30

Nattverdsgudsteneste
Nattverdsgudsteneste

Joh. 18,1-19,42

Gudsteneste m/ krossvegsbøn

Mark. 16,1-8

Påskennattsgudsteneste. Nattverd

Luk. 24,1-9

Høgtidsgudsteneste. Dåp
Høgtidsgudsteneste. Nattverd
Høgtidsgudsteneste. Dåp

Konfirmasjonsgudsteneste
Konfirmasjonsgudsteneste

Joh. 21,1-14

Gudsteneste. Dåp
Konfirmasjonsgudsteneste
Gudsteneste m/ fam.fokus. Utd. av 4 års bok
Kveldsgudsteneste. Nattverd + bønnevandring

Joh.10,11-18

Konfirmasjonsgudsteneste
Konfirmasjonsgudsteneste
Gudsteneste. Nattverd

Joh. 16,16-22

Konfirmasjonsgudsteneste
Konfirmasjonsgudsteneste
Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule kl 11.00
Fam.gudsteneste. Dåp. Utdeling av 4 års bok

Luk. 1,50-53

Morgonsong m/ bøn for folk og land
Gudsteneste
Gudsteneste - Grunnlovsjubileum
Familiegudsteneste

Joh. 15,1-8

Gudsteneste. Dåp og nattverd
Gudsteneste. Dåp og nattverd

Luk. 18,1-8

Friluftsgudsteneste

Mark. 16,19-20

Gudsteneste. Dåp og nattverd

Joh. 15,26-27

Kyrkjelydstur/Fam.gudsteneste. Nattverd
Gudsteneste. Dåp.

Joh. 20,19-23

Høgtidsgudsteneste. Nattverd
Høgtidsgudsteneste. Dåp og nattverd

Joh. 16,5-11

Friluftsgudsteneste v/ kyrkja
Friluftsgudsteneste. Felles med Klepp